



80 årsjubilaranten på scenen.

**Sist tirsdag hadde Uskedal musikklag ei fin feiring av at korpset runda 80 år. Denne tirsdagen var det som vanleg, klart for ei ny øving i skulen. Då musikantane kom til øving, vart dei møtt av ei kjekk og velsmakande overrasking. Det var dekket til skikkeleg festmåltid, og på toppen stod kort med ei fin bursdagshelsing frå skulemusikken.**

Dermed vart det ei litt kortare øving, medan muskarane kosa seg skikkeleg med godsakene etterpå. Det var dekket med spekemat, potetsalat og flatbrød. Det var kaker og kjeks, og til drikke var det både saft og kaffi. Det vart ei skikkeleg feststund, dei vaksne muskarane kosa seg skikkeleg, og både prat og mimring surra godt rundt bordet!

Det var truleg overraskinga og gleda som førte til handlingslammig slik at fotografering av den flotte serveringa vart gløymt heilt til gildet var over, og godsakene var fortært. Dermed vert det eit bilete av Uskedal musikklag frå spelinga på scenen sist tirsdag.

Muskarane sette svært stor pris på overraskande og gode helsinga, og dei overbringer herved ei stor takk til alle i skulemusikken. Dåke er topp, altså!

Tekst og nett: Thor inge Døssland

Foto: Lars Wang